

(Nynorsk)

## No kan frivillige organisasjonar søke momskompensasjon

Lotteri- og stiftelsestilsynet skal fordele over 3 milliardar kroner i momskompensasjon til frivillige organisasjonar i 2026.

Formålet med ordninga er å fremje frivillig aktivitet. Dette blir gjort ved å godtgjere for kostnader som frivillige organisasjonar har hatt til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester.

Organisasjonen må vere registrert i Frivilligregisteret, og frivillig innsats må vere ein viktig del av verksemda for å søke.

### Søknadsfristen er 1. september 2026.

Det kan søkast etter to modellar. Minstegrensa for å søke etter *forenkla modell* er 100 000 kroner i søknadsgrunnlag, og etter *dokumentert modell* er det 7 000 kroner i faktiske meirverdiavgiftskostnader. Grensene gjeld ikkje for organisasjonar som skal søke gjennom sentralledd.

**Merk:** Organisasjonar som er knytt til eit sentralledd (for eksempel Norges idrettsforbund, Norske Kvinners Sanitetsforening eller liknande) skal sende søknaden via dei. Sentralledda har eigne søknadsfristar som er tidlegare enn Lotteri- og stiftelsestilsynet sin frist.

For søknadsrunden 2026 er det nytt regelverk. [De kan lese meir om ordninga på Lotteri- og stiftelsestilsynet sin nettstad.](#)